



# Gulen kyrkjelydsblad

Nr 2

Juni/juli 2026

69. årgang



Frå gudstenesta på Breidvikstølen 14. juni

**REDAKTØR: Kyrkjevevja**

Eivindvikvegen 1119, 5966 Eivindvik  
Tlf. 970 44 591. [is299@kyrkja.no](mailto:is299@kyrkja.no)

**REDAKSJON: Anne Tveit**

Eivindvikvegen 1117, 5966 Eivindvik  
482 28 353. [annetveit46@gmail.com](mailto:annetveit46@gmail.com)

**KORREKTUR: Marit Sandal****BANKGIROKONTO: 3817 15 51282**

Merk med gåve til kyrkjelydsbladet.  
VIPPS: 706144.

**TRYKKERI:**

ETN Grafisk, 3701 Skien

**SOKNEPREST**

Håkon Kinsarvik.

Tlf. 976 44 169. [hk482@kyrkja.no](mailto:hk482@kyrkja.no)

**KYRKJEVERJE: Ingunn Sognnes**

Tlf. 970 44 591. [is299@kyrkja.no](mailto:is299@kyrkja.no)

Fri fredag.

**KONTORSEKRETÆR:**

Margrethe Skåden, Tlf. 481 20 586  
[ms859@kyrkja.no](mailto:ms859@kyrkja.no). Kontor tysdag og  
torsdag.

**TRUSOPPLÆRAR: Åse Haugen,**

tlf. 482 50 014 [ah346@kyrkja.no](mailto:ah346@kyrkja.no)

**Felles e-postadresse til kontoret:**

[post.gulen@kyrkja.no](mailto:post.gulen@kyrkja.no)

**ORGANIST: Peter Tiborc Jobbagy,**

5966 Eivindvik. Tlf. 909 84 617

[pj847@kyrkja.no](mailto:pj847@kyrkja.no)

**GULEN KYRKJELEGE RÅD/****FELLESRÅD: Leiar:**

Bodil Bjørlo Takle, tlf. 481 74 449

[bodil.bjorlo.takle@eninvest.net](mailto:bodil.bjorlo.takle@eninvest.net)

**KYRKJA SI HEIMESIDE:**

[www.kyrkja.no/gulen](http://www.kyrkja.no/gulen)

**FACEBOOK:** *Kyrkja i Gulen.*

## Redaksjonen

God sommar til lesarane våre. Nyt alt det vakre som naturen har å by på! Innsendingsfrist for stoff til haustnummeret: 15. september.



## Ferieavvikling på kyrkje-kontoret

**Kyrkjevevje Ingunn Sognnes** har ferie frå 6. juli til 3. august, men har gravferdsvakt frå og med 24. juli.

**Kontorsekretær Margrethe Skåden** har gravferdsvakt frå 3. juli til 23. juli. Då går ho ut i ferie, og er tilbake på kontoret 18. august.

**Sokneprest Håkon Kinsarvik** har ferie frå 22. juni til 27. juli. I denne tida vil det vere andre prestar i prostiet som gjer teneste.

## Opne kyrkjer i sommar

**Brekke kyrkje** vert open frå 1. til 31. juli, kl. 10.00-18.00.

**Gulen kyrkje** vert open frå 1. juli til 16. august, kl. 10.00 til 18.00.

**Borgstova** vil vere open i same tidsrom. Der er det høve til å gå inn og ete nista, ta ein kvilepause eller berre sjå korleis den gamle stova er blitt

etter restaureringa. No er det kome på plass tre store skilt med informasjon om kulturmiljøet Gula, Gulatinget og postvegen gjennom Gulen. I tillegg vil det ligge brosjyrer på norsk og engelsk.

Det er ikkje kyrkjevertar til stades i kyrkjene, og ved seremoniar som gudsteneste eller gravferd, vert det sett oppslag ved kyrkja. Toalettet i bårehuset i Eivindvik er ope i same tidsrom. I Brekke er det toalett i våpenhuset. Kommunen syter for reinhald.

## God lagånd

### *Andakt v/Helge Taranrød*

Dei av oss som er glade i fotball, har nokre fantastiske og underlege dagar no i juni. VI ER I VM!!!



Det norske landslaget ser ut som ein million. Vi slo Sverige på Ullevål før avreisa til VM i USA.

Kor lenge varer eventyret?

Kva er det mystiske som har skjedd? At landslaget spelar fotball og vinn og vinn? «No er vi eitt lag som står opp for kvarandre. Vi er ein samla gjeng som trivst i lag. Relasjonane sit», kan vi høyre.

SÅ mykje betyr god lagånd.

God lagånd er viktig for korpset, i det lokale idrettslaget, på skulen, ...

Det er flott å vere i eit lag og eit stort fellesskap. Eit mangfaldig fellesskap.

Også i kyrkja: Eldre, dåpsbarn, konfirantar, småbarnsforeldre, menn som likar å synge i kor, damer som likar å spele i korps, skeive, streite og menneske frå alle verdas kantar.

Dette er eit lag og vil vere ein del av!

Men så er jo kyrkja så mykje meir enn eit landslag i fotball. Vi er ein del av ei kyrkje som er utbreidd over heile kloden. Ei verdsvid kyrkje!

I kyrkja har vi ikkje berre god lagånd.

Vi har Den heilage ande som bles

Guds livspust inn i kvar enkelt av oss og sameinar oss i trua på Gud.

SÅ mykje betyr Den heilage ande for kyrkjefellesskapet.

Greia med Gud skaparen og Jesus frelsaren er mulig å begripe.

Men det med Den heila ande er verre!

Presten og forfattaren Knut Grønvik har gitt eit fint bidrag til å forstå dette.

I magasinet *Strek* for nokre år sidan

delt han sine tankar om korleis

Heilaganden viser seg i menneskelivet i sju teikn.

Det første teiknet er **pusten**. Åndedrettet. Heilt frå Gud bøygde seg ned og blåste livspust i mennesket, har vi pusta. Vi kan gjenkjenne Gud i vårt eige åndedrett.

Det andre er **vinden**. I Apostelgjerningane kan vi lese: *Då pinsedagen kom, var alle samla på ein stad. Brått let det frå himmelen som når ein sterk vind blæs.* Den heilage ande er i

vinden – forfriskande og svalande – men også ustyrlig.

Det tredje teiknet er **elden**. Varme. Lys. Kraft. Styrke.

Det fjerde er **vatnet**. *Men ei kjelde kom opp av jorda og vatna heile jordoverflata (1.Mos 2,6)*. Jesu dåp, Vår dåp. Ei kjelde til liv. Til frelse.

Det femte teiknet er **gjevaren**.

Den opne handa som gjev. Vi har fått livet i gåve. Av Gud. Vi er skapte.

Vi skal sleppe å streve etter å skape oss sjølve. Tenk kor frigjerande det ville vere for mange unge menneske å oppdage det. Å sleppe å vere sin eigen skapar!

Det sjette er **vegleiaren**. I 1 Mos 16 kan vi lese om Sara si tenestekvinne, som rømde ut i ørkenen etter ein konflikt med Sara. Men Hagar vart funnen av Gud. Og Han viste henne vegen tilbake. Heim. Og Hagar svarte med å gje Gud eit vakkert namn:

*Du er ein Gud som ser meg*, og som viser meg veg. Som bryr deg om kvar eg tek vegen.

Det sjuande teiknet er **trøystaren**.

Ei venleg hand på skuldra. Tårer som vert tørka. Gode ord som vert kviskra. Som ein talsmann. Som står ved vår side.

Gjennom sju teikn lærer vi at Den heilage ande ikkje slår om seg med mange ord. Knappt noko ord i det heile. Den heilage ande er stillferdig. Sju teikn som alle ber Guds kjærleik i seg. For Den heilage ande ER kjærleik. Den heilage ande er ER fellesskap.

Vi er alle ein del av eit lag, ei bygd,

eit nabolag, eit korps, ein kyrkjelyd, eit fotballag, som har det enkle oppdraget å bygge fellesskap og vise kjærleik. Tilkvarandre. Til dei vi møter. Og ikkje minst: Å skape noko saman. For eksempel fantastisk fotballglede og stoltheit.

Og om Guds kjærleik er til forveksling lik den menneskelege kjærleiken vi alle erfarer eller lengtar etter i livet, så er jo det heilt sant.

Alle menneske er skapte i Guds bilde.

Vi har alle fått del i Guds kjærleik.

Vi har alle fått evna til å elske.

Lat oss bruka den flittig!

Vi ynskjer kvarandre lukke til i VM og god sommar!

*Helge Taranrød*

## Fasteaksjonen 2026

Tradisjonen tru deltok konfirmantane i innsamlingsaksjonen til Kirkens Nødhjelp, og med litt hjelp frå sokneutval og foreldre kom dei seg rundt og fekk banka på dei fleste dører i kommunen. Det blei totalt samla inn kr 42.815, og det gir reint vatn til 143 personar. Det kom inn kr 17.650 i kontantar, resten var på vipps og innbetaling på konto. Det viser seg at det framleis er ein del som har kontantar tilgjengeleg, og som ynskjer å putte pengane i bøssa når konfirmantane kjem på døra.

Takk til alle som gar gitt, og til konfirmantane som har dette med som ein del av undervisninga og oppgåver i konformanttida.

*Ingunn Sognnes*

## Konfirmantfesten

Konfirmantfesten 23. mars på Dalsøyra samfunnshus vart ei flott markering av godt samarbeid mellom sokna.

I år valde sokna å gå saman om den årlege festen, og resultatet vart ein svært vellukka kveld med godt over 70 deltakarar.



Maten kom frå den ukrainske restauranten Smak på Ånneland, som serverer heimelaga ukrainske rettar. Menyen baud på mange spennande smakar – frå rugbrød med sild og pasta med saftig kylling til pannekaker med ostekrem og røykelaks, miniburgerar og tiramisukuler. Dei gode matopplevingane vart også ei påminning om dei nære banda som særleg Mjømna sokn har bygd opp gjennom fleire år med ukrainarar i lokalsamfunnet.

Sokneutvala i dei tre sokna bidrog med eit imponerende kakebord, og det mangla ikkje på noko.

Soknepresten heldt quiz – kanskje i vanskelegaste laget for nokre, men mange gjorde det svært godt.

Kvelden var prega av god stemning og fellesskap, og blei eit godt døme på

kva samarbeid kan bety.

Vanlegvis har eitt av sokna arrangert konfirmantfesten, men i år valde Gulen kyrkjelege fellesråd å prøve noko nytt. Erfaringa var tydeleg: Jo fleire vi er saman, dess kjekkare blir det. Samarbeidet gav både meir fellesskap, fleire ressursar og ei rikare oppleving for alle som var med.

*Håkon Kinsarvik*

## Konfirmasjon i Byrknes bedehus 25. april:



Konfirmantmedarbeidar Maren Daae Eide og sokneprest Håkon Kinsarvik med konfirmanten Lene Einebærholm mellom seg.

## Konfirmasjon i Gulen kyrkje 2. mai



## Konfirmasjon i Brekke kyrkje 9. mai



## Namn på konfirmantane i Gulen kyrkje 2. mai:

Foto øvst på førre side

### Bak frå venstre:

Håkon Vatne, William Thune  
Hantveit, Mina Wergeland Oppedal,  
Cornelia Norman Bøe og sokneprest  
Håkon Kinsarvik.

### I midten frå venstre:

Isak Loua Stene Bergvik, Adriell  
Oppedal Haveland, Veronika Skogen  
Westervik og Eirik Berge Henanger.

### Framme frå venstre:

Konfirmantmedarbeidar Maren Daae  
Eide, Oliver Nedrebø Styve, Ronja  
Haugsdal Brosvik, Ingrid Høydal Bøe,  
Ola Johannes Midtbø, Benedek  
Jobbaggy og Celina Håvåg Husevåg.

## Namn på konfirmantane i Brekke kyrkje 10. mai:

Foto nedst på førre side

### Bak frå venstre:

Konfirmantmedarbeidar Maren Daae  
Eide, Johannes Kvame Brosvik,  
Daniel Midtbø Høydal og Kristian  
Østerbø.


### I midten frå venstre:

Thea Marlen Oppedal, Aurora Kvame  
Reknes, Kaia Horne og sokneprest  
Håkon Kinsarvik.

### Framme frå venstre:

Vegard Haugland, Jonas Oppedal og  
Tilde Bosdal.

**Vi ønsker konfirmantar og pårørende hjarteleg til lukke!**



## Påskevandring

Også i år har me hatt påskevandring med alle barnehagane i Gulen. Dette er eit møte mellom born og kyrkje som er viktig og kjekt. Me har vore i Byrknes bedehus, Hovden og Dalsøyra barnehage, og i Brekke og Gulen kyrkje. I år forandra me litt på opplegget i dei to kyrkjene me var i, ved at det vart ei fysisk vandring mellom forskjellige stasjonar: Måltidet med læresveinane, natta i Getsemanehagen, krossfestinga, og ikkje minst det at Jesus stod opp av grava. Nattverdsutstyret i Brekke kyrkje (foto under) visualiserer påskemåltidet på skjærtorsdagen, då Jesus gav læresveinane brød og vin.



Altartavla i Gulen kyrkje (foto under) viser Jesus i Getsemanehagen før han blei teken til fange. Tekst på altaret: - Sjå det Guds Lam som ber verdens synd. Det svarte kledet på altaret symboliserer at Jesus døydde.



Dei tre figurane på stolen er Maria,

Josef frå Arimatea og engelen Gabriel. Borna får bere figurane opp til altaret og vise dei fram, mens Åse fortel historia om at Josef bar krossen for Jesus før han blei krossfesta, og at han ordna med ei grav til å legge han i etter at han var død.

På påskemorgon gjekk Maria til grava og ville sørge over den døde vennen sin. Då kom engelen og sa: Grava er tom! Jesus har stått opp! Han lever!

*Tekst og foto: Åse Haugen*

## Fredsgudsteneste i Mjømna kirke 8. mai

8. mai, frigjørings- og veterandagen, blir hvert år markert i Mjømna sokn. Arrangementet er et samarbeid mellom «Gruppen for minnestøtten til Bjørn West» og Mjømna sokneutvalg. De siste årene har også våre ukrainske naboer deltatt. Det bidrar ikke bare til økt takknemlighet for et fritt Norge, men styrker også vårt ønske om å sende hjelp til Ukraina.



Astrid Byrknes talte ved minnestøtten til Bjørn West. Hun minnet oss på soldatenes innsats under andre verdenskrig, og kampen som førte til at vi kunne leve i et fritt land. Hun la også ned krans ved minnestøtten.

Ingolf Wergeland talte og la ned blomster ved gravminnet til Konrad Byrknes, som ble drept under kampene i Bagn i Valdres i 1940. Etter en fin og minneverdig stund på kirkebakken var det tid for fredsgudstjeneste ledet av sokneprest Håkon Kinsarvik. Han hadde samtalepreken med ukrainske Iryna. Hun ga oss et innblikk i sine opplevelser med å være krigsflyktning i Gulen. Hun fortalte om hvordan hun opplevde krigen i hjemlandet, om lengsel etter familie og venner, og også om lengsel etter fred i Ukraina. Gudstjenesten ble tolket, noe som bidro til en økt følelse av fellesskap. Det var musikalske innslag av Astrid Byrknes, Iryna og koret Øyklang, men også allsang der Håkon hadde valgt salmene «Gud signe vårt dyre fedreland», «Noen må våke i verdens natt» og «No stig vår song». Salmer som ga oss en helt spesiell opplevelse under gudstjenesten.

Koret Øyklang ledet allsangen av både den ukrainske og den norske nasjonalsangen. Det ble en spesiell stemning og følelse av godt samhold der vi sto side om side, noen fra et land i krig, og noen fra et fritt land. Markeringen i kirken ble avsluttet med kirkekaffe med både ukrainsk og

norsk bakst.

Takkofferet fra fredsgudstjenesten gikk til hjelpearbeid i Ukraina.

*Tekst: Anne Eyjenth Ytreøy*

*Foto Håkon Kinsarvik*

## **Kystpilegrimsleia – Nøkkelstadsamling i Gulen 10.-11. mai**

- Kva er ein nøkkelstad, og kva rolle har Gulen i dette?

Gulatinget er ein av fem nøkkelstader som ligg under Selje regionale pilegrimssenter.

Dei andre er Kvernsteinsparken i Hyllestad, Kinn kyrkje og Svanøy hovudgard i Kinn, og Selja kloster i Selje.

Her er eit utdrag frå heimesida til Selje regionale pilegrimssenter: Kystpilegrimsleia er ei vakker og spektakulær reise langs Noregs viktigaste ferdselsveg.

Leia startar i Egersund og endar ved Nidaros domkyrkje i Trondheim.

Kystpilegrimsleia representerer noko nytt i vår tids pilegrimsvandring, men kystleia har opp gjennom tidene vore ei viktig lei for pilegrimar på veg til Nidaros – og til Selja.

Gjennom ei revitalisering av denne tradisjonen er målet å kunne legge til rette for pilegrimsopplevingar for nye brukargrupper og nye reisemåtar.

*Nøkkelstadane, kommunane, kyrkja og frivillige lag og organisasjonar er kystpilegrimssentra sine viktigaste samarbeidspartar, og senteret har si*

*hovudoppgåve i å samarbeide med desse for å utvikle eit berekraftig reiseliv og verdiskaping med grunnlag i kultur og natur.*

I dette ligg det å ta godt imot pilegrimar, gjere avtale med overnattingsstader, planlegge ruter, skilting og merking der leia går på land, avklare rolledeling mellom kommune, nøkkelstad og pilegrimssenter, marknadsføring m.m.

Religion er berre eitt av måla for dagens pilegrimar.

Like viktig er opplevinga av dei historiske røtene og sjølve naturen. Pilegrimar er i dag reisande i alle aldrar, kvar med sitt personlege mål for reisa.

Satsinga på kystpilegrimsleia kom på plass i 2018, og som for den nasjonale pilegrimsleia som går frå Oslo til Trondheim, er det fire berebjelkar i satsinga: miljø, kyrkje, kultur og næring.

Selje regionale pilegrimssenter har ansvar for koordinering, råd og rettleiing for tilhøyrande nøkkelstader, og inviterer kvart år til ei felles samling.

Dei lokale nøkkelstadgruppene er samansette av representantar frå nøkkelstaden, kommunen, kyrkja, lokale aktørar og frivillige.

10.-11. mai var nøkkelstadgruppa i Gulen vertskap for ei slik regional samling, med godt og vel 30 deltakarar.

Oppstart var søndag kveld 10. mai på Skjerjehamn, der ordførar May-Lynn Osland, regionleiar Tonje Ramse Trædal og innehavar på Skjerjehamn,

Håvard Sjursæter, markerte at Skjerjehamn frå no av er pilegrimshotell, i



likheit med Eivindvik Brygge.

Måndag 11. mai gjekk turen i ribbåt til Gulatinget, der det var høve til å vandre rundt på eiga hand før Ingrid H. Haveland kalla til samling med luren sin.

Ho fortalde livleg om historia til Gulatinget, og tok oss med opp på Tinghella.

Kunstnar og bilethoggar Bård Breivik står bak både Tinghella og Tingveggen, og Ingrid gav oss nokre glimt av prosessen bak kunstverka som kom på plass.



«Ro pilgrim» er eit prosjekt som ein ynskjer å prøve ut: Vil det fungere å ro frå Flolid til Eivindvik, for så å gå i land og vandre rundt i Kulturmiljøet

Gula? Då kan ein besøkje kyrkja og Borgstova, vandre langs den gamle prestegardsmuren, som no har kome fram bak skog og kratt, sjå på krossane, Olavskjelda og den gamle Herresalen, før vandring langs den merkte stien ut til Sollibotn avsluttar besøket. To seksæringar og to åttæringar var leigde inn med mannskap, men her fekk dei fleste som var med på samlinga, prøve seg både på samarbeid, koordinering og samhald.



Foto: Vivian Våge

Fram kom dei, og sjøvegen duger framleis, så spørsmålet vert korleis ein kan legge til rette for tilgang og utleige av robåt, kajakk eller kano, og samtidig ivareta tryggleiken for dei som vil prøve seg sjøvegen.



Foto: Kjell Magnus Økland

Etter eit godt måltid på Eivindvik Brygge v/Irene Søreide, som også orienterte litt om kva dei kunne tilby pilegrimar som trong mat og seng, blei samlinga avslutta på kommunehuset.

Prosjektet «Ro pilegrim» blei presentert på teams av Ragnhild Godal, med spørsmål og tips om korleis dette kan gjennomførast lokalt. For å kome seg heim tok mange beina fatt for å gå den merka pilegrimsstien til Sollibotn, for deretter å ta ekspressbåten sør- eller nordover.

For mange var dette første gongen på Gulatinget, og med nye idear om felles utvikling av kystpilegrimsleia regionalt, blei det også bestemt at neste vår møtest vi i Kvernsteinsparken i Hyllestad.

Medlemane i nøkkelstadgruppa i Gulen er:

*Vivian Våge, einingsleiar kultur og mangfald og leiar i gruppa, Anne Hopland, leiar Gulatinget, Maren Daae Eide, leiar frivilligsentralen, Anne Grete Hønsi Opdal, frivillig, Halvor Brosvik, Gulen sokneutval og frivillig, Irene Søreide, Eivindvik Brygge, og Ingunn Sognnes, kyrkjeverje. Prest Håkon Kinsarvik deltek innimellom.*

## **Kystpilegrim på sykkel 1. august?**

I samband med Olsok har nøkkelstadgruppa i Hyllestad siste åra arrangert ei vandring gjennom Hyllestad og vidare til Korssund, Fjaler. Vandringa

startar frå Rysjedalsvika, inn til Indrefjord gard, opp til Kolgrov og så nedover til Hyllestad, der ein endar i Kvernsteinsparken.

Det blir overnatting på pilegrims-herberget Sognhostel, for vidare vandring søndag, der ein avsluttar med gudsteneste ved krossen i Korsundet i Fjaler.

I år prøver vi å hekte oss på dette opplegget, og nøkkelstadgruppa i Gulen arrangerer sykkeltur frå Flolid via Dingja til Rutledal, tek ferja over til Rysjedalsvika og sykklar derifrå til Kvernsteinsparken.

Har du lyst til å vere med? Ta kontakt med Halvor Brosvik, som er nøkkelstadkontakten vår denne dagen.

Og NB: du treng absolutt ikkje vere på nivå med Halvor når det gjeld sykling!

**Tid og stad: Laurdag 1. august:**

Oppmøte på Flolid kl. 10.00. Sykle til Rutledal via Dingja. Ferje Rutledal-Rysjedalsvika kl. 12.10. Sykle vidare til Kvernsteinsparken.

Dersom ein ynskjer å ta turen til fots, kan ein delta i pilegrimsvandringa som startar frå Rysjedalsvika kl.

10.00. Då må ein ta ferja frå Rutledal kl. 8.40, eller hurtigbåten frå Sollibotn kl. 9.33.

Kvernsteinsparken er open, og tilbyr kjøp av sveler og kaffi samt omvising eller eigenutforskning mot billett.

NB! Her kan ein stemple eventuelle pilegrimspass.

Det vert kulturprogram og servering i Hyllestad kyrkje kl. 15.30-17.30.

For dei som vil sykle tilbake til Gulen,

går ferja frå Rysjedalsvika kl. 18.55, og hurtigbåten til Sollibotn kl. 18.35. Transport til Rysjedalsvika kan ordnast etter avtale.

Ein kan også vere med på resten av turen søndag, bestille seg overnatting og vandre eller sykle vidare saman. Oppdatert program vil kome på

<https://www.pilegrimsleden.no>

## Brev til Gulen kyrkjelydsblad

- Jeg har det siste halve året jobbet med å lage et familietre/slektstre til våre fire barn og ti barnebarn om Erenes og mine røtter fra hhv. Gulen og Bærum.

I slektsalbumet har jeg kalt kapittelet om min min morfar Rasmus Gramstad for «**Det er mer mellom himmel og jord enn det evolusjonen kan forklare!**»

Dette med henvisning til:

1: At jeg, bærumsgutt med fem generasjoners røtter bakover i Bærum, skulle bli mjømning/guling. Jeg har nå bodd 40 år på Mjømna.

2: At «Svømmianna», som min morfar Rasmus Gramstad var reder og skipper for, ender sin historie som restaurert utstillingsobjekt i Florø kystkulturmuseum, i mitt nye «heimfylke» Sogn og Fjordane.

3: At en tro modellkopi av min morfars jekt «Svømmianna» blir kyrkjeskjip i Gulen kyrkje, uten min påvirkning eller vitende.

- Mystisk, alt dette.... Bare synd at jeg

ikke visste om at «Svømmianna» skulle innvies som kyrkjeskip i Eivindvik da det skjedde for mange år siden. Da hadde jeg selvsagt kommet inn til Eivindvik for å delta i den gudstjenesten.

*Vennlig hilsen Kjetil Wilberg*

## Sognejekta Svømmianna

Etter at Iver Dingen bygde Sognejekta «Svømmianna» i Frivik, Kyrkjebø, på slutten av 1800-talet, hadde ho eit omflakkande tilvære med skiftande eigarar:

1908: Eit partsreiarlag v/Andreas Nordeide, Lavik.

1913: A/S Ottesen Vedhuggeri & Kulforretning, Bergen.

1919: A/S Fønix i Kristiania.

1922: Henrik Henriksen m.fl., Eydehavn, Arendal.

1924: Kristian Pettersen Gjennestad m.fl., Eydehavn.

1928: Rasmus T. Gramstad, Sandnes. Skifta namn til «Solo» i 1930.

Så hadde ho ei rekkje eigarar på Sørvest- og Vestlandet fram til slutten av 1960-åra, då ho blei seld til Nord-Trøndelag.

I 1976 vart ho seld til Johan Ask, Flora, og i 1983 var det John Hansberg, Steinsland, som overtok henne. Same året kom Sogn og Fjordane fylkeskommune inn og kjøpte henne, med restaurering som formål, og sidan då har ho stått ved Kystmuseet i Flora.

*Kjelde: Gulen kyrkjelydsblad 5/2002*

## Kyrkjeskip til Gulen kyrkje



*Foto: Arkiv*

Under gudstenesta 18, august 2002 kunne soknerådsleiar Halvor L. Brosvik ta imot ein tru kopi av sognejekta «Svømmianna» av Eivindvik ungdomslag. Det var Magnor Midtun som sette ungdomslaget på ideen om kyrkjeskipet.

Med Kjell Solheim i spissen for dyktige medlemmer i laget stod modellen ferdig etter meir enn 300 dugnadstimar.

Elisabeth Armand, barnebarnet til båtbyggaren Iver Dingen, var til stades i Gulen kyrkje under overrekkinga.

Eit kyrkjeskip er ikkje berre ei skute, eit dekorativt utsmykkingsobjekt. Det har sterk symbolikk og lang tradisjon. Alt i dei første århundra etter Kristus, i oldkyrkja, møter ein den tanken at

fellesskapet av dei truande er som eit skip i opprørt hav. Kyrkja er som eit skip som seglar gjennom denne verda med Vårherre som styrmann og kyrkjelyden som mannskap.

Masta med rå er krossen, og seglet er trua vår. Guds ord er det retnings-gjevande kompasset, ankeret symboliserer håpet, ankertauet er bøna, og ankergrunnen er Guds trufastheit.

Stammen vender mot altaret, mot aust og lyset. Skipet med kyrkjelyden er på veg mot Gud og lysets land.

*Kjelde: Scandion 25.08.2002*

## **Gudsteneste på Breidvikstølen 14. juni**

I strålende junisol var det mange som hadde tatt vegen til Breidvikstølen og stølsmesse 14. juni.

Det er ein årleg tradisjon med tur til Breidvikstølen. Først var det Havgula 4H som arrangerte, no er Barnas Turlag (Ytre Sogn Turlag) vel så aktive. Det som ikkje har endra seg, er at aktive bygdefolk stiller opp med nydeleg mat; mylse, vaflar, pølse og brød, kaffi og saft.

Det er om lag tre kilometer å gå opp til stølen, og langsmed kunne ein løyse ein kjekk natursti. Nytt i år var at arrangørane hadde spurt Brekke sokn og sokneprest Håkon Kinsarvik om å vere med og ha friluftsgudsteneste. Og med dei flottaste rammer så vart Breidvikstølen ein katedral for Guds ord, bøn og song.



Kyrkjelyden var i alle aldrar, frå dei som måtte berast, til dei som gjekk seint og med to stavar.

Takk for ein nydeleg dag, tur og opplegg til alle som la til rette for samlinga.

*Tekst og foto Trude Brosvik*

## Gravplassar og gravstell Gravplassane i Gulen

Det er tid for å stelle og pynte på gravplassane. Ein må då merke seg: Det er ikkje tillate å plante utanfor plantefeltet, og det som vert planta, må ikkje dekke til gravminnet. Fjern lause lys og lykter, og ta dei med heim.

Vi viser til § 5 i vedtektene for gravplassane i Gulen: *«I plantefeltet må det ikkje plantast blomar eller andre vokstrar som overstig gravminnet si høgd, går ut over plantefeltet eller skjuler gravminnet. Det må ikkje plantast noko utanfor gravminnet. Dersom vokstrar i plantefeltet vert høgare enn gravminnet eller veks utover plantefeltet på 60 cm, kan festar/ansvarleg bli pålagd å skjere ned/ta vekk planten/ busken.»*

Etter ein vinter med mykje tele har ein del gravminne er blitt skeive. Der det er veltefare, blir steinane lagde ned. Så langt vi kan, prøver vi å melde frå til festar om dette, men vi når ikkje alle. Ta kontakt med kyrkjekontoret om du har spørsmål kring dette med gravminna.

Hugs også å legge bosset etter gravstellet i kyrkja sine bossdunkar. På Mjømna og på Rutle er dei merka ekstra, då det kan vere lett å ta feil på grunn av at dei står saman med andre.

### Eigedomstilhøve på gravplassane

I vinter har kyrkjeverja etter vedtak i fellesrådet bedt kommunen om å

starte arbeidet med å overføre gravplassane til sokna, slik at eigedomstilhøva kjem i samsvar med gravplasslova § 1. Saka har vore oppe både i formannskap og kommunestyre, då det måtte til ei ekstraløyving til eigedomsavdelinga, som har utført arbeidet. Heimsoverdraging frå kommunen til soknet er unnateke dokumentavgift.

Når det gjeld gravplassane i Gulen og på Mjømna, må det utskifting til, så det vil ta litt tid før det er på plass. Hittil er dokumenta for Rutle gravplass tinglyste og gravplassen er overdregen frå kommunen til Gulen sokn. Gravplassen på Oppedal er overført til Brekke sokn (tinglyst).

### Sletting av graver

Desse gravene vert sletta seinhaustes 2026/våren2027, då vi ikkje har festar på dei. Etterlysning av festarar vart gjort i kyrkjelydsblad nr. 3-2025. To av gravene vert sletta ved feste-forfall i 2028 og 2033.

**Brekke:** Blir sletta våren 2027/ved festeutløp.

Feste går ut	Namn
2028	Ingeborg Asheim
2026	Borghild T. Oppedal
2025	Gunhild K. Takle
2025	Helga Asheim
2026	Johanna Margrethe Kringlen
2026	Hjalmar Kringlen
2019	Torvald Takle
2018	Ola Randolph Hjartholm
2022	Torkjel Oppedal
2021	Herborg Mathilde

	Hjartholm
2021	Ragna Sofie Botnen
2033	Sigrid Breidvik
2022	Torstein Haugland
2020	Brita Ivarsdtr. Vikne Marie Ivarsdtr. Vikne Halvard Vikne
2004	Kari O. Takle
2002	Hansine Asheim
2018	Sverre Johan Jensen
2018	Louise Alette Tvedt

**Oppedal:** Blir sletta hausten 2026.

Feste går ut	Namn
2011	Peder Ellingsen Oppedal
1990	Mons Bruvoll
2021	Gjertrud E. Oppedal
2021	Anders Sigvald Oppedal
1994	Einar Peter E. Oppedal



*Foto Alværa*

## Alværa sommarhotell

Det blir sommarhotell på Alværa kyrkje- og misjonsseier frå **28. juni til 29. juli.**

Det blir søndagsmiddag dei fire søndagane i juli. Den må ein bestille på førehand. Bestilling kan gjerast på booking.com eller på tlf. 984 64 290.

### Friluftsgudsteneste:

**Søndag 26. juli kl. 12.00** er det friluftsgudsteneste på Alværa.



*Foto: Arkiv*

## Olsokestemme på Fjon

**Onsdag 29. juli kl. 18.00** er det gudsteneste v/Torbjørn Sæle og William Kay. Sal av rømmegraut og kaffimat. Åresal og litt program. Avslutning ved bålpanna.



*Foto: Arkiv*

## Konsert i Gulen kyrkje

**Tysdag 11. august kl 19.00** er det konsert i Gulen kyrkje ved Amalie Duesund og Rune Alver.

## Andakter hausten 2026

### Gulen sjukeheim:

19. august kl. 12.00

9. september kl. 12.00

21. oktober kl. 12.00

18. november kl. 12.00

### Eivindvik bu- og omsorgsseier:

9. september kl. 11.00

21. oktober kl. 11.00  
18. november kl. 11.00

### **Dalsøyra bu- og omsorgssenter:**

23. september kl. 16.00  
28. oktober kl. 11.00  
25. november kl. 16.00

### **Brekke bu- og omsorgssenter:**

23. september kl. 11.00  
28. oktober kl. 16.00  
25. november kl. 11.00

## **Intervju med Anne Tveit**



*Foto: Ingunn*

Anne Tveit runda 80 år 17. juni. I samband med det, har eg teke ein prat med henne om den lange og trufaste tenesta ho framleis held på med: setje saman og få ferdigstilt Gulen kyrkjelydsblad slik at vi kan sende det til trykking. Eg har meir enn éin gong vore imponert over korleis ho får både bilete og tekst inn på to spaltar, og likevel verkar det tiltalande og fint! Då eg i samband med årsstatistikken bad henne om å prøve

å få kolonnane inn utan å dele dei opp i to spaltar, tok ho utfordringa, og jammen fekk ho det til også!

Det er alltid kjekt når Anne kjem innom kyrkjekontoret, som oftast i samband med planlegging av bladet. Denne gongen spurde eg om å få stille henne nokre spørsmål, for utviklinga i denne bransjen har vore forrykande, teknisk sett.

- Når begynte du å jobbe med bladet?  
- Første nummeret eg var med på, kom ut i september 1984. Sokneprest Olav Rossabø var redaktør i heile si tid som prest her, og før han slutta, utnemnde han ei ny redaksjonsnemnd. Inga Botnen blei redaktør, og Marit Sandal og eg skulle setje saman bladet. Han utnemnde òg ei bladnemnd med personar frå alle sokna, som skulle dekke sitt område når det galdt saker å skrive om.


- Korleis arbeidde de?  
- Det vart nok litt då som no, at mange kvidde seg for å sende inn noko. Dei var redde det ikkje var godt nok. Så problemet heile tida har nok vore å få nok stoff til å fylle eit blad. Men Marit var ein god tekstforfattar, Inga sende trufast inn eigne produkt, og sjølv har eg vore så heldig å få ha organisten i Gulen buande i huset saman med meg, så stort sett var det enkelt å halde seg oppdatert om det som skjedd på kyrkjefronten som burde skrivast noko om. Redaksjonen har alltid halde til heime hos oss. Første åra var Marit og eg både yrkesaktive og småbarnsmødre.

Vi hadde tusen jern i elden på dagtid, kalla oss difor nattredaksjon, og vi fortærte mange koppar te for å halde oss vakne. Vi var vel å rekne som eit radarpar; begge utstyrte med ein solid porsjon humoristisk sans. Vi hadde det rett og slett veldig artig der vi sat om kveldane.

- Var innhaldet annleis enn i dag?  
- Då vi starta, såg vi jo litt på korleis det hadde vore før, og vi var einige om at stoffet skulle vere LOKALT så langt som råd var. Stykke av ukjende forfattarar kom rett og slett ikkje til å bli lesne, sjølv om dei var aldri så oppbyggelege, meinte vi. Kyrkjekontoret har alltid forsynt oss med stoff, i større eller mindre omfang. Særleg var sokneprest Signe Sandberg og kyrkjeverje Trude Brosvik ivrige i tenesta. Vi hadde òg mange trufaste innsendarar av m.a. eigne dikt. Men vi måtte jo til vi òg, om bladet skulle bli fullt. Vi bad ofte skulane om hjelp når vi for eksempel trong illustrasjonar til julenummeret eller andre høvelege emne. Foto var det ikkje så mange av i starten, men illustrasjonar og strekteikningar var vi ekspertar på. Dette var lenge før det var snakk om opphavsrett, personvern og allslags godkjenningar, og vi brukte fritt det vi såg oss nytte i. Vi hadde eit stort lager av utklipte illustrasjonar av alle moglege slag.

- Korleis var prosessen med bladet?  
- Vi måtte skrive alt av tekst, og som regel var det eg som trakterte skrivemaskina og skreiv side på side med

tekst, på to spalter. Spaltane klipte vi opp og limte på ein mal som vi fekk frå trykkeriet. Overskriftene var eit kapittel for seg. Skrivemaskina hadde ikkje så store og feite typar som ei overskrift kravde, så vi var stadig på jakt etter høvelege overskrifter i aviser og blad, som vi igjen klipte opp i enkeltbokstavar og limte på til vi fekk den overskrifta vi ville ha. Marit sat gjerne med pinsett under den jobben. Når bokstavane var lagde utover, kunne vi knapt puste, i redsel for at dei skulle blåse bort.



Hugsar godt den gongen katten kom byksande opp på bordet midt under prosessen. Ja, det var litt av eit styr! Etter 11 år på denne måten kom den første datamaskina på bordet, i september 1995.

Kopimaskina kom òg. Litt etter litt blei det fleire foto, men bladet var framleis i svart kvitt.

Første nummeret i fargar var Gulen kyrkje sitt 150 års jubileumshefte, i 2013. Og etter å ha bedt lesarane sende meir gåver så vi kunne gå over til fargetrykk på alt, fekk vi positiv respons momentant, og frå nr. 2 i

2014 har bladet vore i fargar.

Det har til tider vore noko plundrete å få i hop eit blad, med korrektur og alt.

Marit sa så treffande ein gong, at for kvar gong eit nytt nummer låg klart til å sendast i trykken, hadde vi nesten følelsen av at eit nytt barn var kome til verda. – Og jammen har det vorte mange «barn» på oss i desse åra!

Då datamaskina overtok mesteparten av jobben, trekte Marit seg ut frå sjølve produksjonen, men ho les framleis korrektur – like grundig som alltid. Og eg har visst vorte sitjande att av gammal vane. Men no er det like før yngre krefter må overta.

- Ja, kva tenkjer du om framtida til Gulen kyrkjelydsblad?

- Det ser ut som at folk er glade i dette vesle bladet, som på ein måte er einaste lokalavisa i kommunen.

No er det kyrkjekontoret ved kyrkjeverja som har redaktøransvaret, men redaksjonen er framleis hos meg.

Alt blir laga på pc-en min. Det var eit puslespel før, og er det eigentleg endå. Men det er gjevande å merke at folk er fornøgde.

Eg takkar Anne for praten, men før ho går, gjer vi ein avtale: Bladet fyller 70 år i 2027. Så om eit år må vi få eit større tilbakeblikk frå Anne og Marit på bladet si historie.

Lukke til, og Guds signing over 80-årsdagen og åra som kjem, Anne. Vi er heldige som har deg med på laget.

*Ingunn Sognnes, kyrkjeverje*

## Nytt frå kyrkjelydane

### Døypte:

#### **MJØMNA SOKN:**

**01.03.26:** Veronika Skogen Westervik.

### Vigde:

**30.05.26:** Susan Norman og Terje Ones.

### Døde:

#### **BREKKE SOKN:**

**02.05.26:** Lilly Ragna Takle, f. 1927.

**02.06.26:** Kjellaug Malena Borlaug, f. 1942.

#### **MJØMNA SOKN:**

**07.03.26:** Else Marit Hylland, f. 1969.

**02.05.26:** Kjell-Atle Melheim, f. 1947.

#### **GULEN SOKN:**

**26.03.26:** Tove Elina Hekneby Rutledal, f. 1944.

**30.05.26:** Kjell Arvid Merkesdal, f. 1953.

### **Urnedesetjing, utanbygds, Gulen gravplass:**

Hans Austgulen, f. 1937, d. 26.11.25.

Johannes Eide, f. 1945, d. 10.11.25.



## Kyrkjekalenderen

**Onsdag 01.07.** Kveldsmesse  
**Gulen kyrkje kl. 19.00** v/Bjørn  
Magne Hansen. Offer: Sygna vgs.

**Onsdag 08.07.** Kveldsmesse  
**Brekke kyrkje kl. 19.00** v/Bjørn  
Magne Hansen. Offer: Sygna vgs.

**Onsdag 15.07:** Kveldsmesse  
**Mjømna kyrkje kl. 19.00** v/Bjørn Magne Hansen. Offer: Rådet for psykisk helse.

**19.07., 26.07., 02.08. og 09.08.:** Ikkje gudstenester.

**16.08.,** 12. søndag i treeiningstida:  
- **Gulen kyrkje kl. 11.00** v/Håkon Kinsarvik. Misjonsgudsteneste.  
Offer: Misjonsprosjektet i Mali.  
- **Mjømna kyrkje kl. 16.00** v/Håkon Kinsarvik. Misjonsgudsteneste.  
Offer: Misjonsprosjektet i Mali.  
- **Brekke kyrkje kl. 19.00** v/Håkon Kinsarvik. Misjonsgudsteneste.  
Offer: Misjonsprosjektet i Mali.

**23.08.:** Ikkje gudsteneste.

**30.08.,** Vingardssøndag:  
**Gulen kyrkje kl. 11.00** v/Håkon Kinsarvik. Konfirmantpresentasjon/ pilegrim. Offer: KFUK/KFUM.

**06.09.,** 15. søndag i treeiningstida:  
- **Brekke kyrkje kl. 11.00** v/Håkon Kinsarvik. Konfirmantpresentasjon. Offer: Søndagskuleforbundet.  
- **Skjerjehamn kl. 16.00** v/Håkon Kinsarvik. Konfirmantpresentasjon. Offer: Stiftelsen Barnevakten.

**13.09.:** Ikkje gudsteneste.

**20.09.,** 17. søndag i treeiningstida:  
**Gulen kyrkje kl. 11.00** v/Håkon Kinsarvik. 50-årskonfirmantar. Offer: Rådet for psykisk helse.

**27.09.,** 18. søndag i treeiningstida:  
- **Mjømna kyrkje kl. 11.00** v/Håkon Kinsarvik. Familiegudsteneste.

Utdeling av bøker til 2-, 4- og 6-åringane. Offer: Kyrkjelydsarbeidet.

- **Brekke kyrkje kl. 16.00** v/Håkon Kinsarvik. Familiegudsteneste.  
Utdeling av bøker til 2-, 4- og 6-åringane. Offer: Kyrkjelydsarbeidet.

**04.10. og 11.10.:** Ikkje gudsteneste.

**15.10.:** **Konsert i Mjømna kyrkje:** Saman for fred. Samarbeid mellom Masfjorden, Solund og Gulen. Markering Bjørn West.

**18.10.,** 21. søndag i treeiningstida:  
- **Gulen kyrkje kl. 11.00** v/Håkon Kinsarvik. Familiegudsteneste.  
Utdeling av bøker til 2-, 4- og 6-åringane. Offer: Kyrkjelydsarbeid.  
- **Mjømna kyrkje kl. 16.00** v/Håkon Kinsarvik. Familiegudsteneste. Taize. Offer: Sygna vgs.

**25.10.,** Bots- og bønedag:  
**Brekke kyrkje kl. 16.00** v/Håkon Kinsarvik. Felles gudsteneste etter konfirmantleir. Eigne musikarar. Offer: NMSU.

**01.11.:** Allehelgensdag  
- **Gulen kyrkje kl. 11.00** v/Håkon Kinsarvik. Allehelgensgudsteneste. Offer: Cuba.  
- **Mjømna kyrkje kl. 16.00** v/Håkon Kinsarvik. Allehelgensgudsteneste. Offer: Cuba.  
- **Brekke kyrkje kl. 19.00** v/Håkon Kinsarvik. Allehelgensgudsteneste. Offer: Cuba.

**08.11.,** 24. søndag i treeiningstida:  
**Mjømna kyrkje kl. 11.00** v/Håkon Kinsarvik. Jubileumsgudsteneste.